



# NOREGS HØGSTERETT

Den 27. juni 2013 sa Høgsterett dom i

**HR-2013-01384-A, (sak nr. 2013/975), straffesak, anke over dom,**

Den offentlege påtalemakta (kst. statsadvokat Peter André Johansen)

mot

A (advokat Pål M. Andreassen)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld utmåling av straff for lekamsskading, jf. straffelova § 229 første straffalternativ, og for å ha valda fare for andre, jf. straffelova § 350 andre ledd.
- (2) Politimeisteren i Oslo sette 5. juli 2012 A under tiltale der gjerningsskildringa for lekamsskading lydde slik:

**"Lørdag 16. juni 2012 på 02.17 på utestedet X i ----- -- i Y, kastet hun et askebeget, som traff B i hodet, slik at B ble påført et kutt i venstre side av hodebunnen som måtte sys med 4 sting."**
- (3) Tiltalen for å valde fare retta seg mot at ho hadde forsøkt å skade C ved å kaste oskebeget mot hovudet til C, men utan å lukkast då det i staden trefte B.
- (4) Oslo tingrett gav 26. oktober 2012 dom med slik domsslutning for straffekravet:

**"1. A, født 18. august 1990, dømmes for overtredelse av straffeloven § 229 første straffalternativ og straffeloven § 350 andre ledd sammenholdt med straffeloven § 63 andre ledd til fengsel i 120 – etthundreogtjue – dager."**
- (5) A anka dommen til Borgarting lagmannsrett. Anken gjaldt bevisvurderinga under skuldspørsmålet for tiltalen for lekamsskading, subsidiært straffutmålinga.

(6) Borgarting lagmannsretts gav 18. april 2013 dom med slik domsslutning for straffekravet:

**"1. A, født 18. august 1990, dømmes for overtredelse av straffeloven § 229 første straffalternativ og for det forhold som er rettskraftig avgjort ved Oslo tingretts dom av 26. oktober 2012 til en straff av fengsel i 60 – seksti – dager."**

(7) Påtalemakta har anka til Høgsterett. Anken gjeld straffutmålinga.

(8) *Eg er komen til* at anken fører fram.

(9) Domfelte A var sammen med venninna C på utestaden X i sentrum av Y natt til laurdag 16. juni 2012. Om lag klokka 02.00 var dei to kvinnene ute og røykte saman. Kjærasten til C var då komen til stades utanfor, og C avtala at ho skulle bli med han.

(10) C gjekk så inn på X for å hente jakka si. A, som var komen inn igjen, var svært skuffa over at C ville gå og gav klart uttrykk for det. Det oppsto deretter amper stemning mellom kvinnene, mellom anna med lugging.

(11) B, som var dørvakt på staden, greip inn og klarte å skilje dei. Om hendingsgangen vidare heiter det i lagmannsrettsdommen:

**"Deretter tok han tiltalte med ut, hvor hun ble stående bak noen bord rett utenfor døren, mens B selv ble stående på den andre siden av bordet. Avstanden mellom tiltalte og B var ca. 2 meter.**

**Lagmannsretten finner det hevet over enhver rimelig tvil at tiltalte mens hun stod der forsøttlig tok et askebeger som stod på et av bordene og kastet dette med stor kraft mot ansiktet til C som stod like i nærheten av B. Askebegeret, som var av metall og veiet ca. 220 gram, traff imidlertid ikke C, men B og påførte ham et kutt i hodet. Dette kuttet ble senere på dagen sydd med fire sting på legevakten. B har fått et synlig og varig arr etter kuttet, men opplyser at han for øvrig ikke har noen plager, heller ikke av psykisk art, som følge av hendelsen."**

(12) Domfellinga gjeld handlingar som fann stad etter at lov 25. juni 2010 nr. 46, med endring mellom anna av straffelova § 229, var sett i kraft. Om framlegget til auka straff for grov vald uttala departementet i Prop. 97 L (2009–2010) mellom anna i avsnitt 6.1:

**"Spørsmålet om skjerpet straff for grov vold er særlig aktuelt for den uprovoserte volden som er utøvd i det offentlige rom. Den typiske gatevolden som utspilles i tilknytning til opphold på utesteder eller i taxikøer, og hvor det ikke eller i svært begrenset grad foreligger et hendelsesforløp som forklarer råskapen, befinner seg i kjerneområdet for den voldsutøvelse det ønskes skjerpet straff for."**

(13) Lovendringa har ført til eit monaleg auka straffenivå for domfellingar etter straffelova § 229 første ledd. Eg viser til tre dommar om dette.

(14) Den *første* dommen, Rt. 2011 side 1412, gjaldt ei sak der domfelte gav ein annan tilfeldig gjest på serveringsstaden to kraftige slag med knytt hand, slik at det måtte syast fire sting og det vart eit varig arr. Straffa vart, etter at § 61 om gjentakingsstraff kom til bruk, for denne handlinga isolert sett vurdert til fengsel i seks månader. Den *andre* dommen, Rt. 2012 side 259, gjaldt eit hardt slag etter usemje mellom den domfelte og den krenkte, og som førte til brot i kjevebeinet. Det var tale om eit slag med stort skadepotensiale, og

voldsutøvinga skjedde på offentlig stad, etter at dei hadde forlate ein utestad dei hadde vore på. Straffa vart sett til fengsel i fem månader. Den *tredje* dommen eg skal vise til, Rt. 2012 side 1336, gjaldt slag med knytt hand, slik at den krenkte – ein drosjesjåfør – fekk eit mindre nasebeinsbrot og dessutan seinfølgjer. Straffa vart sett til fengsel i fem månader.

- (15) I vår sak kan domfellinga etter straffelova § 350 ikkje gi grunnlag for auka straff ut over det som må utmålast på grunnlag av § 229 første ledd åleine.
- (16) Valdsutøvinga som domfelte er funnen skuldig i, skjedde på ein utestad. Såleis var det tale om ei valdshandling i det offentlege rom. At domfelte tok sikte på å råke venninna og ikkje dørvakta, endrar ikkje det. Handlinga var situasjonsavhengig og impulsprega, men eg kan ikkje sjå at det kan ha nemnande innverknad på straffutmålinga i formildande lei. Og den utløysande årsak, at C ville forlate utestaden for å bli med kjærasten, gav ingen akseptabel grunn for domfelte sin handlemåte. Samla sett meiner eg dette er ei form for vald i det offentlege rom som det – i samsvar med føresetnadene ved lovendinga – må reagerast strengt mot.
- (17) Dørvakta fekk ein skade i ansiktet som måtte syast med fire sting, og som har gitt varig og synleg arr. Det må også kome inn i vurderinga at kast av eit oskebeger med skarpe kantar og med ei tyngd på 220 gram på eit par meters avstand, lett kunne ha ført til større skader enn det som vart utfallet.
- (18) Ut frå det straffenivået som er etablert av Høgsterett på grunnlag av lovendinga i 2010, er det nødvendig å auke straffa i saka no noko samanlikna med resultatet i lagmannsretten. Dei tre dommane eg har vist til, gir ei viss rettleiing, men dei gjeld alle handlingar som er meir alvorlege enn den i vår sak. Også straffenivået i dommen i Rt. 2006 side 970, som gjaldt lekamskrenking, gir ei viss rettleiing, etter som det i proposisjonen vart gitt uttrykk for at det burde skje ei viss skjerping for saker om lekamskrenking som grenser mot lekamsskading.
- (19) Domfelte var nær 22 år på handlingstidspunktet og såleis ikkje så ung at det i seg sjølv tilseier ein mildare reaksjon.
- (20) Eg er blitt ståande ved at straffa bør setjast til fengsel i 90 dagar.
- (21) Dei personlege vanskane for domfelte som forsvararen har vist til, kan ikkje ha innverknad på straffutmålinga i ei sak av denne karakteren.
- (22) Eg røystar for slik

#### D O M :

I lagmannsrettsdommen, domsslutninga punkt 1, blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 90 – nitti – dagar.

- (23) Dommer **Noer**: Jeg er enig i lagmannsrettens straffutmåling.

- (24) Straffeloven § 229 første straffalternativ får anvendelse på en rekke ulike forhold, alt fra sårskader av et visst omfang til det å ta kvelertak på noen slik at de mister bevisstheten. Avgjørelsen i Rt. 1983 side 1100 er illustrerende for den nedre grensen. Her uttaler Høyesterett på side 1101 at et knusningssår i bakhodet, som gikk inn til kraniet og måtte sys med to sting, måtte anses som en legemsskade. Jeg viser også til Rt. 2006 side 1298 og Rt. 2006 side 382, som jeg kommer tilbake til, hvor Høyesterett i begge saker uttaler at det dreier seg om skader som ligger i det nedre sjikt av § 229 første straffalternativ.
- (25) Det er ikke tvil om at såret i vår sak, som måtte sys med fire sting og etterlot et synlig arr, omfattes av § 229 første straffalternativ. Men sett på bakgrunn av de ulike forhold som omfattes av straffeloven § 229 første straffalternativ og rettspraksis, antar jeg at skaden må anses å ligge i det nedre sjikt av bestemmelsens anvendelsesområde.
- (26) Departementet uttaler i Prop. 97 L (2009–10) på side 37 at straffnivået for overtredelser som ligger i det nedre sjikt av § 229 første ledd bør ligge på fengsel i om lag 60 dager:
- "Straffen for overtredelsene av § 229 første straffalternativ varierer i dag fra fengsel i 30 (jf. til illustrasjon Rt. 2006 side 1298 og Rt. 2006 side 382) til 120 dager (jf. til illustrasjon Rt. 2007 side 37). For legemsbeskadigelser som i dag ligger i det nedre sjiktet av § 229 første straffalternativ, bør straffen i utgangspunktet være fengsel i 60 dager, men straffen for legemsbeskadigelser som ligger i grenseområdet mot annet straffalternativ, bør i utgangspunktet straffes med fengsel i 6 måneder."**
- (27) Den ene avgjørelsen som departementet viser til som illustrasjon av saker hvor straffen ligger på fengsel i 30 dager, er Rt. 2006 side 1298. Der hadde domfelte slått et hardt knyttneveslag mot ansiktet til fornærmede, noe som resulterte i et kutt over venstre øye som måtte sys med to sting:
- "Legemsbeskadigelsen skjedde natt til 21. oktober 2005 utenfor Festiviteten i Kristiansund sentrum, hvor det ble arrangert skoleball. A, som da var 18 år og 4 måneder, kom i krangel med B, og de to 'knuffet' hverandre. A slo B hardt i ansiktet med knyttet hånd. B fikk et to cm langt kutt over venstre øye som ble sydd med to sting. Som lagmannsretten, legger jeg til grunn at legemsbeskadigelsen ligger i det nedre sjikt av straffeloven § 229 første straffalternativ. Bs briller og mobiltelefon ble ødelagt."**
- (28) Etter min mening er forholdet i vår sak – når det både tas hensyn til handlingens karakter og skadefølgen – ikke mer alvorlig enn det som beskrives her. Slik jeg forstår uttalelsen i proposisjonen, forutsetter departementet at straffen da skal ligge på om lag 60 dager fengsel.
- (29) Den andre avgjørelsen som departementet viser til, er Rt. 2006 side 382. Hendelsesforløpet har likhetstrekk med vår sak, og er beskrevet slik i avsnitt 7:
- "...vakten dro ham ut med makt. Domfeltes klokke ble ødelagt i prosessen, og da domfelte ble trukket bort fra vakten av en bekjent, kastet han klokken i ansiktet på vakten, som da sto tre-fire meter borte. Vakten fikk tre kutt i pannen hvorav to på henholdsvis 2 og 3 cm måtte limes."**
- (30) På bakgrunn av departementets uttalelser om straffen for overtredelser i nedre sjikt av § 229 første straffalternativ, og likhetstrekkene med de sakene departementet viser til, mener jeg straffen for As handling bør ligge på fengsel i 60 dager. I dette ligger en klar straffskjerping sammenlignet med tidligere straffnivå, i tråd med departementets signaler. Samtidig er det etter min mening grunn til å utvise en viss varsomhet i

straffutmålingen ved denne typen saker. Særlig gjelder det der det er snakk om relativt unge førstegangsforbrytere, og straffbare handlinger begått i impuls etter forutgående krangling eller knuffing. I tillegg til den allmennpreventive effekten av straffen – som er viktig – er også den individualpreventive effekten viktig. Dersom straffenivået blir for høyt, vil straffen lett kunne få slike følger for domfeltes arbeid, økonomi og boligforhold, at effekten vil kunne bli den motsatte av det man ønsker å oppnå med å straffe.

- (31) Jeg stemmer etter dette for at anken forkastes.
- (32) Dommer **Webster:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende, dommer Utgård.
- (33) Dommer **Falkanger:** Likeså.
- (34) Dommer **Tjomsland:** Likeså.
- (35) Etter røystinga sa Høgsterett slik

#### D O M :

I lagmannsrettsdommen, domsslutninga punkt 1, blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 90 – nitti – dagar.

Rett utskrift: